

SOLUND KULTURSKULE



KULTURSKULEPLAN 2015 - 2021

I Solund er det ein skapande og kreativ Kulturskule.



Kreativitet blir særlig forbundet med oppfinningar og vitskap, kunst og handverk, men også næringsliv og marknadsføring der utøvaren gjennom fantasi og førestillingsevne tenker annleis og nytt, skaper noko originalt eller setter noko kjent sammen på nye måtar.

KUNSTNEREN II

I høyere grad enn fornuftige mennesker aner,
er kunstnerne folkets nødvendige sanseorganer.

Hvis kunsten ble tatt fra et folk, ble det som å rane dets øyne og ører, dets hode, dets
nese og gane.

En kropp blir berøvet sitt lys, dens saft vil fortørke,
og blind vil den kave omkring som en robot i mørke.

For kunsten er mer enn et fag, den er mer enn kallet for utvalgte få -
den er formende kraft i oss alle.

Den er alt som er fruktbar uro, en fjær i vårt indre,
en drift som vil skape større av det som er mindre.

Skulptur som fremtrer som form av uformelig masse,
er virksom i barnet som leker med sand i en kasse.

Ta kunstnerens blick fra et barn, ta formgleden fra det,
og se, det vil trå på sitt spenn og vil kaste sin spade,
og se, det vil glemme sin lyst og gå under i skygge,
og broer og byer og skib vil det ingang bygge!

Driv kunstneren ut: all lek vil du dermed fordrive,
og mister du evnen til lek, da mister du livet.

Mer nyttig enn alle de dødsens fornuftige "nytter"
er formen som føler, er blikket som ser, er tonen som lytter...

Andrè Bjerke,

Innehald

1.Bakgrunn og samandrag5

- a. Kulturskulens samfunnsoppdrag.....5
- b. Kulturskule utgreiinga6
- c. Kommunen som kulturskuleeigar.....7
- d. Kulturskulen for kven.....8-9
- e. Stortingsmelding og planar.....10-11

2.Kulturskulen i Solund før, no og framover

- a. Visjon og mål.....12-13
- b. Fag og elevtall.....14
- c. Personale.....15
- d. Formidling.....16
- e. Vegen vidare.....17
- f. Rombehov no og i framtida.....18
- g. Behov for sal scene og visningsrom for kunst...18
- h. Kulturskulen som ressurssenter.....19-20
- i. Døme til inspirasjon.....21

3.Aktivitetar og formidling.....22

- a. Skuleferiemoro
- b. Kulturskuleveke og venneveke
- c. Jule/sommaravslutning.....23

4.Musikkundervisning.....24

- a. Song
- b. Piano
- c. Gitar/Band
- d. Slagverk
- e. Fiolin/Fele

5.Gruppeundervisning.....25

- a. Dans
- b. Drama
- c. Visuelle kunstfag
- d. Kult-mat
- e. Foto
- f. Ny-sirkus
- g. Kor

6.DKS og UKM.....26

- a. Den kulturelle skulesekken
- b. Mål med DKS og UKM
- c. Økonomi og ansvar
- d. Lokal produksjon i Solund.....27
- e. Teater.....28

7.Handlingsplan med mål og tiltak.....29-36

Bakgrunn og samandrag

1.a Kulturskulens samfunnsoppdrag

Merk: Rammeplanen er ikkje oversett til nynorsk enno

Norsk kulturskule - eit unikt skuleslag

De kommunale kulturskulane har en viktig rolle i det norske opplæringssystemet og i det lokale kulturlivet. Sidan oppstarten på 1960-tallet har kulturskulene hatt ein sterk utvikling og vekst. Landets kommunale kulturskuler har i dag rundt 125.000 elevplasser.

Mange offentlige utreiingar og meldingar vitnar om eit stort engasjement for skuleslaget.

Sidan 1997 har kulturskulene vært hjemlet i Opplæringsloven: § 13-6. Musikk- og kulturskuletilbud:
«Alle kommunar skal, aleine eller i samarbeid med andre kommunar, ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skuleverket og kulturlivet ellers»

Den norske kulturskolemodellen har vakt stor interesse også utenfor landets grenser, i det europeiske kulturskulesamarbeidet og i våre nordiske naboland.

Et klart uttrykk for dette er Nordisk råds kultur- og utdanningsutvalg uttalelse/2009:

«Udvalget ser meget gerne at Kulturskoleordningen i Norge på sikt spredes og bliver til nationale satsninger i hele Norden».

Hovudoppdraget

Samarbeidet med skuleverket knyter kulturskolens oppdrag sammen med grunnskolens målsetting:

”Opplæringsas mål er å utvide barns, unges og voksnes evner til erkjenning og oppleving, til innlewing, utfolding og deltaking.”

Sjå :Rammeplan for Kulturskulen

http://www.kulturskoleradet.no/upload/bruker/dokumenter/Om_oss/Landsmotet/2014/08_Rammeplan_for_kulturskolen.pdf

1b.Kulturskule utgreiinga

Utvalet for Kulturutgreiinga 2014 vart sett ned av regjeringa våren 2011 for å gjere greie for utviklinga i norsk kulturpolitikk etter 2005, og gi viktige vurderingar også for dei kommande åra.

Utvalet kjem med ei rad kritiske innspel til oppfølginga av kultursatsinga. Dei raudgrøne kan nå målet om 1 prosent av statsbudsjettet til kultur neste år. Då er summen dobla, frå 5 til 10 milliardar kroner årleg sidan 2005. I kommunane er budsjettauken endå større, men ein del av det har gått til idrett, seier Enger-utvalet.

Øyremerkte middel

Blant dei tiltaka utvalet foreslår, er øymerking av statlege pengar til lokale kulturløft. Desse midla bør rettast mot folkebiblioteka og kulturskulane i tillegg til eit utvida tilbod om øvings- og framføringslokale lokalt.

– Ingen er «taparar» så lenge alle får meir etter den sterke budsjettauken. Likevel peikar utvalet på at det må til ei omfattande etablering av bygg og scenar, seier Enger.

Merk: Rammeplanen er ikkje oversett til nynorsk enno

1c.Kommunen som kulturskuleeigar

- Kommunen har som skuleeigar ansvar for kultuskulens tilbod fyljer nasjonale føringer gitt i rammeplanen. Kulturskulen skal inngå i kommunens plandokumenter og kan være ein del av kommunens strategiarbeid innom utdanning, kultur og helse.
- Skuleeigar har ansvar for drift av kulturskulen og for å sikre at kulturskulen har eit system for kvalitetssikring av opplæringa.
- Skuleleiars ansvar
Skuleleiar må legge til rette for pedagogisk utviklingsarbeid for å vidareutvikla kultuskulens fag. Det kan mellom anna være ulike måtar å organisera undervisninga på, bruk av digitale verktøy, fleirkulturelle og tverrfaglige samarbeid.
- Samarbeid om elevens læring
Kulturskulen har eit særlig ansvar for samarbeid med skuleverk, korps, kor, lag, foreiningar og frivillige og profesjonelle kunst og kulturorganisasjonar. Elevens personlige, kunstnariske og handverksmessige vekst og mestring er det viktigaste målet for opplæringa.
- Den enkelte kulturskule bør vektleggje og stimulera ulike kompetansar hos læraren.

1d. Kulturskulen for kven

- Norsk kulturskoleråds visjon er «Kulturskole for alle». Dette er en sentral ambisjon i oppbygging av kulturskolene. Kulturskolen skal kjennetegnes av høy kvalitet og rikt mangfold, og skal ivareta både bredde og talent.
- Kulturutredningen 2014 peker på utfordringen som ligger i å løse kulturskolens sammensatte samfunnsoppdrag. Kulturskolen må også videreutvikle et større mangfold i tilbudet for å bedre rekrutteringen av barn og unge med ulik kulturell bakgrunn.
- Rammeplanen
- Kulturskolens tilbud skal ha høy kvalitet både faglig og pedagogisk. I framtida skal kulturskulen kunne tilby større fleksibilitet i organisering av sine tilbud samt gi tydeligere beskrivelser av mål, innhold og arbeidsmåter. Rammeplanen møter disse utfordringene.
- Planen kategoriserer de ulike tilbudene i tre opplæringsprogram, som ivaretar aktivitet, opplæring og fordypning. Det er et mål å kunne etablere tilbud av høy kvalitet innen grunnprogrammet, kjerneprogrammet og fordypningsprogrammet.
- Rammeplanen «Mangfold og fordypning» bygger på Norsk kulturskoleråds Strategi 2020 og på rammeplanen fra 2003 «På vei til mangfold».

Merk: Rammeplanen er ikke oversatt til nynorsk ennå

Forts: Kulturskulen for kven

De kommunale kulturskolene har en viktig rolle i det norske opplæringssystemet og i det lokale kulturlivet. Siden oppstarten på 1960-tallet har kulturskolene hatt en sterk utvikling og vekst. Landets kommunale kulturskoler har i dag rundt 125 000 elevplasser. Mange offentlige utredninger og meldinger vitner om et stort engasjement for skoleslaget.

Siden 1997 har kulturskolene vært hjemlet i Opplæringsloven:

§ 13-6. Musikk- og kulturskoletilbud:

«Alle kommuner skal, aleine eller i samarbeid med andre kommuner, ha et musikk- og kulturskoletilbud til barn og unge, organisert i tilknytning til skoleverket og kulturlivet ellers»

Den norske kulturskolemodellen har vakt stor interesse også utenfor landets grenser, i det europeiske kulturskolesamarbeidet og i våre nordiske naboland.

Utfordringer:

Norsk kulturskoleråds visjon er «Kulturskole for alle». Dette er en sentral ambisjon i oppbygging av kulturskolene. Kulturskolen skal kjennetegnes av høy kvalitet og rikt mangfold, og skal ivareta både bredde og talent.

Kulturutredningen 2014 peker på utfordringen som ligger i å løse kulturskolens sammensatte samfunnsoppdrag. Kulturskolen må også videreutvikle et større mangfold i tilbuddet for å bedre rekrutteringen av barn og unge med ulik kulturell bakgrunn.

Rammeplanen.

Kulturskolens tilbud skal ha høy kvalitet både faglig og pedagogisk. I framtida skal kulturskolen kunne tilby større fleksibilitet i organisering av sine tilbud samt gi tydeligere beskrivelser av mål, innhold og arbeidsmåter. Rammeplanen møter disse utfordringene.

Planen kategoriserer de ulike tilbudene i tre opplæringsprogram, som ivaretar aktivitet, opplæring og fordypning. Det er et mål å kunne etablere tilbud av høy kvalitet innen grunnprogrammet, kjerneprogrammet og fordypningsprogrammet.

Rammeplanen «Mangfold og fordypning» bygger på Norsk kulturskoleråds Strategi 2020 og på rammeplanen fra 2003 - »På vei til mangfold».

Merk: Rammeplanen er ikke oversett til nynorsk ennå

1e.Stortingsmelding og planar

Norsk kulturskoleråd foreslår en stortingsmelding om kunst og kultur for barn og unge for å følge opp Kulturutredningen 2014.

"Kulturutredningen gir oss kunnskap om et stort og til dels sammensatt felt og bidrar med analyser som kan gi retning for det videre kulturpolitiske arbeidet", heter det i høringsuttalelsen fra Norsk kulturskoleråd, som bygger på regionale høringer fra samtlige av kulturskolerådets fylkesavdelinger og regioner samt et nasjonalt seminar for Norsk kulturskoleråds valgte fylkesledere.

Norsk kulturskoleråd er særlig glad for tydeliggjøringa av ytringskultur som kulturpolitikkens hovedområde og skillet mellom ytringskultur og begivenhetskultur.

En slik avgrensing er etter kulturskolerådets mening nødvendig når en skal vurdere økonomi, omfang og kvalitet for eksempel innenfor kulturskolen.

Som representanter for kommunenes arbeid med kulturskoletilbudet, er Norsk kulturskoleråd også glad for kulturskolens plass i den kulturelle grunnmuren lokalt.

KOMENTAR

Som ein ser ynskjer ein eigen Stortingsmelding. Arbeidet med Rammeplanen er i ein prosess, og Kulturskulen i Solund deltek i dei møta der denne vert diskuter og handsama regionalt.

<http://www.noku.no/kulturutre>
Høringsuttalelse: Kulturutredningen 2014
Høringsuttalelse-vedlegg- Felles uttalelse om DKS fra Norsk kulturskoleråd,
UKM Norge og rikskonsertene

I FORORD TIL RAMMEPLANEN STÅR: «Norsk kulturskole - et unikt skoleslag»

Utfordringer

Norsk kulturskoleråds visjon er «Kulturskole for alle». Dette er en sentral ambisjon i oppbygging av kulturskolene. Kulturskolen skal kjennetegnes av høy kvalitet og rikt mangfold, og skal ivareta både bredde og talent.

Kulturutredningen 2014 peker på utfordringen som ligger i å løse kulturskolens sammensatte samfunnssoppdrag. Kulturskolen må også videreutvikle et større mangfold i tilbuddet for å bedre rekrutteringen av barn og unge med ulik kulturell bakgrunn.

Rammeplanen

Kulturskolens tilbud skal ha høy kvalitet både faglig og pedagogisk. I framtida skal kulturskolen kunne tilby større fleksibilitet i organisering av sine tilbud samt gi tydeligere beskrivelser av mål, innhold og arbeidsmåter. Rammeplanen møter disse utfordringene.

Planen kategoriserer de ulike tilbudene i tre opplæringsprogram, som ivaretar aktivitet, opplæring og fordypning. Det er et mål å kunne etablere tilbud av høy kvalitet innen grunnprogrammet, kjerneprogrammet og fordypningsprogrammet.

Rammeplanen «Mangfold og fordypning» bygger på Norsk kulturskoleråds *Strategi 2020* og på rammeplanen fra 2003 – «På vei til mangfold».

Planen legger også til grunn *Kunnskapsløftet* fra 2006, kulturløftene fra 2005 og 2009, *Kulturskolen -utviklingen av de kommunale kulturskolene som gode lokaleressurssentre* (2010),

Kulturutredningen 2014 og
Meld. St. 20 (2012–2013)

På rett vei - Kvalitet og mangfold i fellesskolen.

Norsk kulturskoleråds styre oppnevnte Rammeplanutvalget etter vedtak på Norsk kulturskoleråds landsmøte i 2012»

Merk: Rammeplanen er ikkje oversett til nynorsk enno

2.Kulturskulen i Solund før, no og framover

I Solund er det ein skapande og kreativ Kulturskule.

2a. Visjon og mål

Ein visjon for Solund Kulturskule kan vere:

«Kunst og kulturmangfold i takt med tidsanda»

Med utgangspunkt i dei lokale kulturtradisjonane skal skulen vere ein arena for læring og utvikling i dei skapande og utførande kunstfaga.

Med sikte på ei framtid der det lokale finn sin plass i det internasjonale, må skulen tilpassast ei fleirkulturell utvikling.

Med bruk av ny kommunikasjonsteknologi skal skulen vere tilpassa ein moderne kulturarena.

Stikkord:

- Løysningsorientert
- Kunnskapsrik
- Tilgjengelig

Utklipp frå framlegg til lokal utviklingsstrategi:

**Solund kommune har som visjon:
Solund – i dei unge sine
framtidsplanar»**

**«Når ungdommen i Solund tenker
på si framtid er det her dei ser for
seg å få jobb, stifte familie og
byggje ei framtid for seg og sine»**

«Kva meir kan vi
lage av det sjøen gir «

Verdimål

- Ein skule bygd på toleranse i vid betydning.
- Respekt for gamle kulturtradisjonar/ytringar
- Respekt for moderne kunst/kulturytringar.
- Ta vare på bærekrafta i dei lokale tradisjonar knytt til kultur og primærnæringane.
- Være open og inkluderande for fleirkulturelle kunst/kulturytringar.

VERKSEMD

- Det ideologiske grunnlaget for Solund Kulturskulen bygger på overordna mål og verdiar nedfelt i nasjonale og kommunale planer, utgreiingar og utviklingstiltak.
- Skuletilbodet skal imøtekomme både born, unge og vaksne sine behov. Opplæringa skal gje likeverdige utviklingsmuligheiter for alle elevar uansett bakgrunn og føresetnad.
- Prinsippet om tilpassa opplæring og at alle mennesker skal få høve til å oppleve og utøva kunst og kultur gjennom eigen aktivitet og i møte med andre mennesker, står sentralt.
- Kulturskulen skal difor gje opplærings- og opplevings tilbod både innanfor tradisjonelle kunstfag som musikk, dans, drama/teater, biletkunst/kunsthandverk, litteratur, film og video, og være open for nyare, eksperimentelle kunstformar som datakunst og ny sirkus (akrobatikk, sjonglering o.l.). Framandkulturelle uttrykksformer i innvandrar miljøet må også innlemmas.
- Det må leggast til rette for eit sektorovergripande og tverrfaglig samarbeid med andre etatar, institusjonar og organisasjonar innan skule-, kultur-, fritids-, helse- og sosialsektoren.
- Elevane skal kunne ha mulighet både til eigenutfolding og til å møte profesjonelle kunstnarar og utøvarar innan dei ulike faga. Innhaldet i kulturskulen må være slik at det gjer både inspirasjon til eigen utvikling og ferdigheter til kunstutfolding. Kulturskulen skal medverke til at elevane får dei beste muligheter til å utvikle sine musiske og skapande, kreative evner og ferdigheter.

2b.Fag og elevtal

Kulturskulen sine 5 basisområder er: musikk, dans, visuelle kunstfag, skapande skriving og teater. Det tyder likevel ikkje at rammeplanen skal avgrensa kulturskulen sitt arbeidsfelt til desse områda. Ein bør sjå nærrare på dei føresetnadane som finst lokalt.

Ein kan tenkje utanfor den tradisjonelle kulturskulemodellen og tilpassa seg, men samtidig ivareta dei nasjonale krava som vert stilt til kulturskulane.



2c. Personale


Kompetansekrav for tilsetjing i kulturskulen:

For tilsetjing i undervisningsstilling skal det normalt krevjast:

- Høgre kunstfagleg utdanning i utøvande og/eller skapande kunstfag, tilpassa undervisningsoppgåvene for stillinga. Minimum må det krevjast tre år kunstfagleg utdanning. Krav om praktisk pedagogisk utdanning gjeld alle.
- Alternativt: Faglærarutdanning med minimum 120 studiepoeng kunstfag.
- Skuleeigar kan i særlege høve tilsetje søkerar som ikkje stettar disse krava dersom tilsvarande realkompetanse kan dokumenterast.

For tilsetjing leiarstilling i kulturskulen skal det krevjast

- faglege kvalifikasjonar som ved tilsetjing i undervisningsstilling. Leiaren skal ha minst tre års erfaring frå kulturskule og relevant leiarutdanning og/eller relevant leiarerfaring.
- Skuleeigar kan i særlege høve tilsetje søkerar som ikkje stettar desse krava dersom tilsvarande realkompetanse kan dokumenterast.



2d. Formidling

- Utvikle webbaserte kommunikasjonskanalar, for å gjøre det lettare å halde kontakt med dei unge som ikkje bur i kommunen. Måla er auka deltaking og engasjement frå ungdommar, som i sin tur skapar bulyst.
- Ein sikrar framtidige kultur-arrangement med dyktige arrangørar og utøvarar.
- Styrker lokal identitet og sikrar mangfald i dei ulike kunstfaga.
- Med inspirasjon i det lokale kan ein vere med å utvikle seg i det globale fellesskapet, ein er ikkje lenger ein ekstrem utkant, men kan sjølv vere med å utvikle nye kunst og kulturfelt.
- Vi blir meir attraktive for dei som vel å bu i Solund.



2e. Vegen vidare

Ein kan sjå for seg ulike kombinasjonar av kurs som til dømes:

- Mat i fjøra kombinert med kulturminnebesøk.
(Grønhellaren, eller andre stadar)
- Foto og friluftsliv let seg godt kombinere med Kul-mat.
- Mat i fjøra og undervass-fotografering.
- Kul-Mat og tur til kulturminne/matprodusentar.
- Fotokurs for born og unge der dei kan dokumentere aktivitetar som ”skateboard”, sykling , ski, eller andre aktiviteter som kan dokumenterast i film, med musikk.
- Vinterferiemoro

- Skulen og Kulturskulen i Solund samarbeider om satsinga på det digitale klasserommet.
- Samarbeid med NKKA og andre aktørar kan styrke det lokale kulturengasjement og deltaking. Dei musikalske workshops som vi har sett konturen av under dei føregåande festivalar kan peike ut ei retning for slike framtidige satsingar. Eit samarbeid om ulike arrangement der mat er tema, er under utvikling med Ytre Sogn Turlag.
- Teater.
Det er ønskeleg at kulturskulen satsar på teater/teaterrelaterte aktivitetar. I denne gruppa kjem mellom anna skodespelarkunst, dekoratør, forteljar, gjøglar, kostymesjef, lyd/lys design, musikk.



2f. Rombehov no og i framtida

*2g. Behov for sal, scene
og visningsrom for kunst*

Kulturskulen har ikkje eigne lokal pr. dags dato.
Det bør jobbast for at kulturskulen får eigne lokal.



2h.Kulturskulen som ressurscenter

- Samarbeid om ressursar
- Samarbeide med skuleleiarar i nabokommunar for å realisera «Skapande læring»
- Samarbeid med institusjonar for kunstuttrykk
- Utvikle webbaserte kommunikasjonskanalar, for å gjere det lettare å halde kontakten med dei unge som ikkje bur i kommunen. Måla er auka deltaking og engasjement frå ungdommar, som i sin tur skapar bulyst.
- Ein sikrar framtidige kultur-arrangement med dyktige arrangørar og utøvarar.
- Styrkjer lokal identitet og sikrar mangfald i dei ulike kunstfaga.
- Med inspirasjon i det lokale kan ein vere med å utvikle seg i det globale fellesskapet, der ein sjølv kan være med å utvikle nye kunst og kulturfelt.
- Vi blir meir attraktive for dei som vel å bu i Solund.






2i. Døme til inspirasjon

- Kulturskulen deltek i utvikling av det digitale klasserommet
- Finn lokale resursar som vil vere med å utvikle kompetanse på området
- Samarbeid med NKKA med sikte på festivalar for å styrkje det lokale kulturengasjement og deltaking.
- Ved å engasjere kor og skulemusikk i samarbeid med profesjonelle utøvarar, samt våre eigne lokale resursar, som driv med musikk i ein eller annan form.
- I satsinga på Kult-mat som ein del av kulturskulen sitt kurstilbod, har vi sett på mogelegheitene av å finne fellesarena for samarbeid kring utviklinga av eit langvarig og breitt tilbod til born og vaksne .
- Det er ønskeleg at kulturskulen satsar på teater/ teaterrelaterte aktivitetar. I denne gruppa kjem mellom anna skodespelarkunst, dekoratør, forteljar, gjøglar, kostumesjef, lyd/lys design, musikk, osv. Lokalt engasjere ansvarlege leiarar som helst har tilknyting til lag/organisasjon som for eksempel ungdomslaget. Saman med inleigd profesjonell instruktør vil denne gruppa og kulturskulen ha ansvar for aktiviteten og administrasjon mm.
- Engasjere ungdomar som studerer ulike kulturrelaterte fag, musikk, teater, song mm. Desse blir invitert med i prosjektet , og vil få ulike roller/ ansvar basert på kapasitet og ønskemål.
- Framføring under dei ulike festivalane/eller andre høve som for eksempel UKM, som vert arrangert i Solund.
- Faste arenaer for framføring gjer det enklare å planlegge, spesielt for dei som eventuelt kjem tilreisande.
- Eit vidt kurs tilbod innan foto, der ein vil bruke alle typar kamera som GoPro. kamera, mobilkamera, kompakt /systemkamera. Med GoPro kamera kan brukaren dokumentere aktivitet, redigere og leggje på musikk. Det ferdige produktet kan visast på same arena, og eller i andre samanhengar som UKM. Gjennom bruk av kameraet kan ein flette ulike aktivitetar saman.

3. Aktivitetar og formidling

- Kulturskulen på heimesida til Solund Kommune
- Facebook
- Nyheitsbrev/direkte og med e-post.
- Personleg kontakt
- Møte med tema. ex. UKM.
- Delta aktivt i regionale fora.



3a. Skuleferiemoro


- Ikkje alle reiser bort i ferien,
- då kan kulturskulen gje tilbod om ulike aktivitetar.
Desse kan knytast saman med barnehage eller andre.
- Ein kan og utvide tilbodet til alle hytteborna som er her under ferien.

3b. Kulturskuleeveke og veneveke

- Utvikling av regionalt samarbeid kan gje mogelegheiter å treffe unge frå nabokommunane.
- I til dømes HAFS regionen, der ein kan knyte seg opp til eksisterande netteverka.

3c. Jule/sommaravslutning

- I samarbeid med skule og barnehage planlegg felles avslutningar



4.Musikkundervisning

- 4a.Song
- 4b.Piano
- 4c.Gitar/Band
- 4d.Slagverk
- 4e.Fiolin/Fele

Modular

Det er ein del tilbod som bør ligge som faste modular, då spesielt alle utøvande fag som piano og fiolin, då desse er sjølve basisen i grunnopplæringa.

Ein kan og tenkje seg meir kortvarige dynamiske modular som «stunts», «kurs» «prosjekter» «workshops» etc.

Vi kan arbeide fram ein modell der langsiktig læring og prosjekterfaring føregår parallelt



5. Gruppeundervisning

- 5a.Dans
- 5b.Drama
- 5c.Visuelle kunstfag
- 5d.Kult-mat
- 5e.Kor
- 5c.Foto

Dynamiske modular
Grafikkurs
Fotokurs/m fotosafari
Kor/Barnekor
Teaterkurs Kult-mat
Hipp hopp dans
Sjangeroverskridane musikk prosjekt
Visuelle verkstader
Mat i fjøra
GoPro film kurs

6.DKS og UKM

6a.Den kulturelle skulesekken

Det er fleire prosessar på gong når det gjeld DKS og samarbeidet med Kulturskulane. Eit nytt høringsutkast er ute, og vil takast opp i sentrale fora.

6b.Mål med DKS og UKM

Vi kan organisere dei ulike kulturutøvarane inn i felles prosjekt, der vi har bestemt tid og stad for eit eller to verkstader i løpet av året. Repertoaret og utviklinga av desse vil variere, men ein kan tenkje seg eit felles tema.

Slik vil en koordinere alle kulturaktivitetar. "UKM er små festivalar over heile landet, der alle mulige former for ung kultur møtes"

6c.Økonomi og ansvar

Fordeling av ansvar må forhandlast fram med dei ulike samarbeidspartar, Dette gjeld og økonomisk ansvars fordeling av dei ulike eventuelle prosjekta.



6d.Lokal produksjon i Solund

Dei musikalske workshops som ein har sett konturen av under dei føregåande festivalar kan peike ut ei retning for slike framtidige satsingar. Det er viktig at ein får engasjert dei lokale kreftene, som kor og skulemusikk, i samarbeid med profesjonelle utøvarar, samt våre eigne lokale resursar, som driv med musikk i ei eller anna form. I møtet mellom den profesjonelle og amatøren kan resultatet bli overraskande bra. Utvikling av program og felles meistringsglede på tvers av sjanger og alder, gjer at ein kan få heilt spesielle resultat. Dette bør ein utvikle og styrkje.



Lokal produksjon i Solund

I satsinga på Kult-mat som ein del av kulturskulen sitt kurstilbod, har ein sett på mogelegheitene til å finne fellesarena for samarbeid kring utviklinga av eit langvarig og breitt tilbod til born og vaksne. Kulturskulen vil vere med å styrkje dei lokale aktørane som produserer lokal mat. Saman med andre institusjonar og foreiningar, som ser maten og det den representerer i kultursamanhang vil ein felles satsing vere viktig i framtida

Teater

- Det er ynskeleg at kulturskulen satsar på teater/ teaterrelaterte aktivitetar. I denne gruppa kjem mellom anna skodespelarkunst, dekoratør, forteljar, gjøglar, kostumesjef, lyd/lys design, musikk, osv.
- Ein teaterproduksjon kan famne mange, det er ikkje berre dei som står på scena, men alle aktivitetane rundt som gjer dette til ein interessant satsing her i Solund.
- Ein må lokalt engasjere ansvarlege leiarar som helst har tilknyting til lag/organisasjon som til dømes ungdomslaget.
- Saman med innleigd profesjonell instruktør vil denne gruppa og kulturskulen ha ansvar for aktiviteten og administrasjonen. I Solund har vi mange ungdomar som studerer ulike kulturrelaterte fag, musikk, teater, song mm. Dei blir inviterte med i prosjektet, og vil få ulike roller/ansvar basert på kapasitet og ynskemål.
- Ein vil ta sikte på framføring under dei ulike festivalane/eller andre høve som UKM, som vert arrangert i Solund. I samband med eit slikt opplegg er det mange aktivitetar som kan engasjere, som døme: kostumesyning, maskeverkstad, musikalske innslag, akrobatiske sprell, filming, dokumentering mm. Å skrive eigne tekstar kan engasjere, anten ein tenkjer seg eit tema, eller andre innfallsvinklar. Det kan og vere spennande å leite fram mytologi og/eller gamle segn. Det er viktig at tilbodet rekk ut til alle som vil, også dei som ikkje vil stå fram på ei scene. Produksjonar som dette gjer det mogeleg å improvisere, samt opne for sjanger overskridande samarbeid. Her kan alle kunstformar sameinast. Har ein faste arenaer for framføring er det enklare å planlegge, spesielt for dei som eventuelt kjem tilreisande.
- Kulturskulen vil satse på eit breitt fotokurstilbod, og det skal arrangeras fotokurs for yngre brukarar, der ein vil bruke GoPro. kamera, og sjå på kva eit mobilkamera kan brukast til. Med GoPro kamera kan brukaren dokumentere aktivitet, redigere og leggje på musikk. Det ferdige produktet kan visast på dei ulike arenaer, og eller i andre samanheng som UKM. Gjennom bruk av kameraet kan ein flette ulike aktivitetar saman

7. Handlingsplan med mål og tiltak

TEMA	FORSLAG	GJENNOMFØRINFG
Kulturskule for alle	Implementering av nye fag	Begynt 2014 Fortsetter i planperioden
Tilbod, ressursbruk og organisering	Kulturskulen skal gje eit breitt tilbod med langsiktig opplæring og prosjekter.	Begynt 2014 Fortsetter i planperioden
	Etablering av ressursgruppe	Vår 2015
Samarbeidspartnarar	Utarbeide samarbeidsmodellar	Vår/haust 2015

TEMA	FORSLAG	GJENNOMFØRINFG
Samarbeidspartnarar	Tilbod om samarbeidsprosjekt	Frå januar 2015 og i planperioden
Synleggjering	Webb/heilskapleg presentasjon, logo mm	Frå 2014-2015
Nettverk	Kven er våre nærmeste/naturlege partnarar	Vår/haust 2015
Webb-basert læring	Kartlegge behov for kunnskapsinnhenting	Vår/haust 2015

Retningslinjer for elevane i Kulturskulen i Solund

Søknad.

Søknaden er ei påmelding, med ein angrefrist på 2 veker etter melding om opptak.
Påmeldinga er bindande.



Utmelding

Ynskjer eleven å slutte, må den føresette sende inn skriftleg utmelding,
eller e-post innan 1.mai, eller 1. desember, for å sleppe å betale fullt ut for det
påfølgjande semesteret.

Det er ikkje nok å gje beskjed til ein lærar.

Utstyr

Eleven må ha tilgang til utstyr og lokale til å kunne øve regelmessig.
Kulturskulen har nokre få instrument til utleige, men elevane må som regel vere
førebudde på å skaffe seg instrument sjølve.

Læremiddel

Eleven må kjøpe høvelege læremiddel (bøker, CD, DVD, etc) til aktiviteten.

Frammøte.

Eleven møter vel førebudd og i god tid til timane

Heimeøving

- er heilt avgjerande for at aktiviteten skal lukkast, og at eleven får framgang

UTVIKLE EIGEN LOGO FOR SOLUND KULTURSKULE




SOLUND KULTURSKULE



Rammer for Kulturskulen i Solund 2015

Tildelt ramme:	375 000.-
Investeringsmidlar:	150 000.-
Fond:	49 000.-

60 % stilling som rektor med undervisningsansvar.
15% stilling som piano og song lærar.



Lokale utfordringar

- Finne rett nivå på eigenbetalinga
- Etablere tverfaglege samarbeid
- Lokale forventningar
- Tilpassa seg det eksisterande tilbod
- Nok interessentar
- Høge kostnadar ved bruk av eksterne lærarkrefter.
- Store avstandar og därleg kommunikasjon
for dei som bur i krinsane
- Omdømme



Strategi

- Utvikle samarbeid med lokale kulturaktørar
 - Utvikle samarbeid med lag, organisasjonar, skular og næringsliv
 - Kartlegge lokale ynskje for kursaktivitetar.
 - Utvikle regionale samarbeid.
Utbygge webb basert læringsarena i samhandling
med skule og næringsliv
 - Forslag til nye tilbod og arbeidsformar
- Samarbeidsmodell mellom kulturskulen
-og skule/sfo.
-og barnehage
-og dei ulike bygdelaga og ungdomslaga
-og det frivillige kulturlivet
-og kulturinstitusjonar og private aktørar
-og den kulturelle skulesekken
- **Synleggjering av kulturskulen**



Langsiktige planar

- Fagprogram vil lette administrasjonen og forenkle påmelding/betalingsystem med meir.
- Fellesinnkjøp av digitale verktøy.
- Prioriterer innkjøp som forsterkar og utviklar oss i retning av ein digital læringsarena.

Kartlegging

- Lokale forventningar
Korleis kartlegge lokale forventningar?
- Tilpassing med eksisterande tilbod
Det er mange aktivitetstilbod i Solund.
- Det blir difor viktig at ein ikkje konkurrerer, men heller blir eit supplement om det er mogeleg gjennom gode samarbeidsmodellar.
- For få interessentar
Korleis skape attraktive kurs

